



ANNONSE

SPELAR- OG TRENARUTVIKLAR 2023

Hareid IL Fotball ønskjer å auke satsinga vår på barne- og ungdomsfotballen. Vi ønskjer også å auke kompetansen blant dei frivillige i organisasjonen vår. Derfor søker vi ein spelar- og trenarutviklar i 80 prosent stilling - med moglegheiter for meir.

Tilsetjingsform: Engasjement/prosjektstilling. **Varigheit:** 1 år, med moglegheit til forlenging.

Lønn etter avtale. Mykje av jobben skjer på ettermiddags- og kveldstid.

Kva vi ser etter:

Vi ser etter ein person som brenn for rolla som fotballtrenar og som er opptatt av eigenutvikling og utvikling hos andre. Struktur, grundigheit, og det å vere audmjuk og tillitsfull er andre kjenneteikn på ein person som vil passe inn i rolla.

Arbeidsoppgåver:

- Bidra sterkt i satsinga opp i mot jentefotballen i klubben.
- Oppfølging av enkeltspelarar gjennom samtalar. Hjelp dei å setje seg mål og å lage planar for korleis ein når desse. Følgje opp og gi tilbakemeldingar etter kampar og treningar.
- Styre hospiteringa i klubben etter retningslinjene i Hareid IL Fotball sin sportsplan. Vere ansvarleg for at alle treningsgruppene i fotballgruppa har passe storleik, og at laga har store nok stallar til å gjennomføre kampsesongen på ein god måte.
- Gjennomføre ekstratreningar for dei mest satsande spelarane i klubben. Treningar både for barne- og ungdomsfotball, både for gutar og jenter, er inkludert. Treningar på individuelt nivå kan også i nokon grad vere aktuelt. Tal på slike økter etter eigen avtale med styret/sportsleg utval.
- Følgje opp trenarane i klubben, både gjennom individuelle samtalar og gjennom trenarforum.
- Delta på andre relevante møte og arrangement i klubben etter avtale.
- Gå inn og ta enkelttreningar på ulike lag. Treningar i både barne-, ungdoms- og seniorfotballen er aktuelle. Tal på slike økter etter eigne avtale med styret/sportsleg utval.

Kvalifikasjonar:

- UEFA B-lisens eller anna relevant utdanning, til dømes bachelorgrad eller mastergrad i idrett med fotball som fordjuping. Kandidatar som er undervegs i eit utdannings- eller kursløp kan også vurderast.
- Pedagogisk erfaring.
- Gode samarbeidsevner.
- Gode leiareigenskapar.
- God til å kommunisere munnleg og skrifteleg.
- Representere Hareid IL på ein sunn og positiv måte, i tråd med verdiane klubben har.

For eventuelle spørsmål kontakt

Styreleiar Hareid IL fotball

Kenneth Nicolaisen

Søknad sendast til fotball@hareidil.no og merkes med **SPELAR- OG TRENARUTVIKLAR 2023**

Aktuelle kandidatar blir kalla inn til både samtale og prøvetrening.

Frist: 1. november 2022